

Avtale

mellom Fitjar og Stord kommunar om kommunesamanslåing

Avtalen byggjer på intensjonsavtalen som vart forhandla fram mellom kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes. Avtalen skal vera eit grunnlag for innbyggjarmedverknad (rådgjevande folkerøysting, og innbyggjarundersøking i Stord) og endeleg vedtak i kommunestyra i løpet av våren 2016.

1. Mål for den nye kommunen

Avtalen vidarefører visjonen frå intensjonsavtalen:

«Saman om morgondagen»

Innbyggjarane skal vera stolte over å bu i den nye kommunen, samstundes som særprega i lokalsamfunna og bygdene skal utviklast. Kommunen skal byggja vidare på ei rik lokalhistorie og ein levande kystkultur. Lag og organisasjonar og frivillig arbeid skal vera grunnsteinar i lokalsamfunna.

Avtalen legg til grunn Stortinget sine mål for kommunereforma om eit styrka lokaldemokrati og fleire oppgåver til kommunane. Innbyggjarane skal sikrast gode og likeverdige tenester. Den nye kommunen skal vera bærekraftig og økonomisk robust, og vidareføra det beste frå kvar kommune. Samanslåinga av dei to kommunane skal gjennomførast med eit heilskapleg samfunnsperspektiv, og skal styrka kommunen sin posisjon som regionsenter for Sunnhordland.

Proessen fram mot samanslåing skal sikra at den nye kommunen:

- Gjer kvardagen enklare for innbyggjarane
- Har tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda
- Har relevant kompetanse i sterke fagmiljø
- Har god leiing og tilstrekkeleg distanse for å skape objektivitet mellom kommuneadministrasjon og innbyggjarar
- Underbyggjer lokal identitet og tryggjar nærleik til basistenestene
- Yter effektive tenester, der vinstar som følgje av stordriftsfordelar vert nytta til å gje innbyggjarane fleire og betre tenester
- Er økonomisk solid
- Er ein robust aktør i arbeidet med samfunns- og næringsutvikling
- Har høg politisk deltaking

Kommunen sitt planverk skal gjelde til nytt, sams planverk vert vedteke.

2. Den nye kommunen

Gjennom kommunereforma skal det byggjast ein meir slagkraftig og framtidsretta kommune som tek vare på lokaldemokratiet, vidareutviklar tettstadane, og byggjer opp under innbyggjarane sin identitet.

Namnet på kommunen er «Stord». Felles kommunevåpen og –flagg skal utarbeidast, som står fram som samlande for den nye kommunen. Det skal lagast ny grafisk profil og nettstad. Kommunen skal nytta nynorsk som målform.

I den nye kommunen skal Leirvik skal vera regionsenter¹, kommunesenter og by, og Fitjar skal vera lokalsenter.

Fitjar lokalsenter skal ha kommunale tenester som offentleg servicekontor, helsesenter med fastlege og helsestasjon, og folkebibliotek. Kommunen skal arbeida for at det skal vera «Post i butikk», bank, lensmannskontor, Nav-kontor, tannlege og handelsverksemd i Fitjar lokalsenter. Tenestene skal lokaliserast slik det er føremålstenleg ut frå lokale behov.

Den nye kommunen skal arbeida for å oppretthalda og vidareutvikla dei vidaregåande skulane i dagens Stord og Fitjar kommunar.

Dei fleste kommunale arbeidsplassane er knytt til lokale tenester, og vil ikkje bli flytta i samband med reforma. Rådmannen og sentraladministrasjonen skal halda til i rådhuset i Leirvik. Rådhuset i Fitjar skal nyttast til kommunale funksjonar i den nye kommunen. Einingar med publikumsretta tenester skal ha kontordagar i både noverande Stord og Fitjar kommunar.

Det kan vera ulik ressursbruk til drift av einingane i den nye kommunen. Dersom det blir sett i verk tiltak for jamna ut ressursbruken, skal dette skje gradvis over minst fire år. Tilsvarende overgangsordning skal så langt som råd også gjelda for avgiftssatsar.

3. Lokaldemokrati

Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen, med hovudutval for dei største tenesteområda. Det skal opprettast eit fast utval etter kommunelova § 10 – Fitjar lokalstyre – med eit nærare fastsett politisk ansvar for frivillig arbeid, kultur, idrett og lokal utvikling for Fitjar. Utvalet skal ha turvande sekretariatsfunksjon og utvalsleiar skal ha tilsvarende godtgjersle som leiarane i hovudutvala. Møta i utvalet skal som hovudregel haldast i Fitjar.

Dei politiske partia har eit særskilt ansvar for at alle delar av kommunen er representert i det politiske arbeidet, i kommunestyre og utval.

4. Økonomi, eigedomsskatt og kommunale avgifter

Kommunale avgifter i den nye kommunen skal vera så låge som mogeleg. Det gjeld òg satsar for eigedomsskatt, dersom den nye kommunen finn å måtta ha dette. Kommunane har i dag ulike satsar og takstgrunnlag for eigedomsskatten. Overgangsordningar for eigedomsskatten skal difor nyttast.

¹ Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Hordaland fylkeskommune 2014) s. 41.

Skatte- og avgiftsnivået skal ikkje aukast frå dagens nivå som følgje av kommunesamanslåinga.

Ingen av kommunane har inntekter frå vasskraft, heimfallsrettar eller konsesjonskraft. Fitjar kommune har inntekter frå vindkraft. Inndelingstilskotet gjer at den nye kommunen får med seg eit ekstra basistilskot på 13,2 mill. kroner. Den nye kommunen tek i tillegg med seg om lag 5,4 mill. kroner i småkommunetilskot frå Fitjar. Ordninga gjeld i ein periode på 15 år, og så ei nedtrapping over 5 år. Samanslåinga vil utløysa tilskot til eingongskostnadar på 25 mill. kroner og reformtilskot på 20 mill. kroner.

Midlane frå Midtfjellet Vindkraft AS er nært knytte til Fitjar-bygda og gjer at ein har eit betre tenestetilbod i Fitjar kommune enn ein hadde hatt utan. Avtalen vidarefører det tenestetilbodet som er bygd opp av inntektene frå vindparken. Femti prosent av inntektene frå vindparken – kr 4 084 255 – skal det første året i avtaleperioden settast av til eit fond som skal nyttast i dagens Fitjar kommune. Fondet skal kvart av dei neste åra i avtaleperioden tilførast ein sum tilsvarande differansen mellom dagens sats for eigedomsskatt for verk og bruk i Fitjar kommune (6 promille) og ein skattesats tilsvarande 7 promille, som med gjeldande skattesats utgjer kr 1 166 930 per år. Fondskapitalen skal ikkje rørast i avtaleperioden. Fitjar lokalstyre disponerer fritt avkastinga av fondet innanfor sitt ansvarsområde. Den nye kommunen skal garantera for ei årleg avkasting på minimum, kr 200 000.

Fitjar kommune skal ta initiativ til å reforhandla avtale med Midtfjellet Vindkraft AS pkt. 10 tredje ledd og søka å reversera avtalepunktet om å oppretta ei stifting. Om det ikkje let seg gjera, vil Fitjar kommune innan den nye kommunen vert sett i verk oppretta ei stifting med føremål å overføra midlane til den nye kommunen men øyremarka tiltak i Fitjar.

Dersom eigedomsskatteobjekta i den nye kommunen vert retaksert skal summen endrast tilsvarande.

5. Samferdsle

Den nye kommunen vil prioritera intern samferdsle og internt kollektivtilbod høgt. Den nye kommunen skal arbeida for betre vegtilkomst til Selevik og fastsamband til Huglo.

Det er sett av sentrale midlar til samferdsle i kommunar som slår seg saman. Den nye kommunen skal søkja om midlar, som skal gå til utbetring av FV72 /FV 545 på vestsida av Stordøy.

Det skal vera tilgjengelege, offentlege hamner både sør og nord i kommunen.

Den nye kommunen skal arbeida for at det framleis skal vera drosjesentral i Fitjar.

Kommunane saman og kvar for seg skal arbeida for best, raskast og kortast mogleg tilknytning til kyststamvegen, og det skal leggjast stor vekt på gode tilknytingspunkt for Fitjar.

Ein eventuell ny bompengepakke, Stordpakken, omfattar heile den nye kommunen.

6. Prinsipp for tenestetilbod

Den nye kommunen skal ha desentraliserte tenester av like god eller betre kvalitet som i dag.

Det blir ikkje endringar i skulestrukturen som følgje av samanslåinga. Barn og unge skal få tilbod om kulturskule-, barnehage- og skuleplass nær der dei bur.

Krinsskulane (til dømes Selevik og Øvrebygda) er svært viktige for busetjing og utvikling i bygdene. Skulane skal halda fram som skular for barnetrinna så lengje elevgrunnet og det pedagogiske tilbodet vert ivareteke på ein forsvarleg måte. Rimbareid barne- og ungdomsskule skal halda fram som skule for barne- og ungdomstrinnet.

Det blir ikkje nedlegging av sjukeheimplassar som følgje av samanslåinga. Vidare utbygging av helse- og sosialtenester skal desentraliserast så langt det er føremålstenleg. Det skal vera frisklivstilbod i både Fitjar og noverande Stord kommune.

Det skal i Fitjar vera lokalisert offentlege helsetenester som fastlege, helsestasjon, fysioterapi og ergoterapi.

Fitjar bu- og behandlingssenter har eit kjøken som leverer mat til eigen institusjon, til Havnauset og til heimlevering i bygda. Kjøkenet skal halda fram som i dag og skal ha høve til å delta i anbodsrundar på matlevering til andre einingar i den nye kommunen.

Dersom kommunane overtek ansvaret for tannhelsetenesta, skal innbyggjarane i Fitjar sitt behov for offentlege tannhelsetenester leverast i Fitjar. Dersom dagens ansvar blir vidareført, skal kommunen arbeida for offentleg tannhelseteneste i Fitjar.

Anlegg for idrett og kultur skal sikrast naudsynt vedlikehald og utvikling. Fitjar frivilligsentral og Stord frivilligsentral skal halda fram. Den nye kommunen skal vidareutvikla Årskog museum, Stord maritime museum og Gruo på Litlabø i samarbeid med Sunnhordland museum.

Brannberedskaper i Fitjar skal oppretthaldast. Det skal arbeidast for mest mogleg likt utstyr og like rutinar og opplæring ved alle brannstasjonane.

Vidare utvikling av dei kommunale tenestene skal skje gjennom planprosessar med brei involvering og høyringar.

7. Prinsipp for kompetanse

Det er venta at ein større og meir slagkraftig kommune skal føre til at det vert meir attraktivt å arbeide i kommuneorganisasjonen.

Det blir lagt til grunn følgjande prinsipp for den nye kommunen:

- Høg kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod.
- Det skal vere eit prioritert satsingsområde å rekruttera, utvikle og halde på fagpersonar.

8. Administrative prosessar

Ingen tilsette skal seiast opp som følgje av samanslåinga. Endring av arbeidsoppgåver og tenestestad skal skje etter medverknad frå dei tilsette. Tilsette skal ikkje få reduksjon i løna si som følgje av kommunesamanslåinga. Ein eventuell reduksjon i talet på tilsette skal skje med naturleg avgang.

Prinsipp for vidare prosess:

- Stillingar som er løna etter kap. 3.4.1 i hovudtariffavtala skal søkje på nye leiarjobbar
- Struktur i overordna organisasjonsplan skal definerast på fritt grunnlag i den nye kommunen.
- Det skal vera openheit og dialog i prosessen.
- Tillitsvalde sin medverknad i prosessen skal ivaretakast, i tråd med reglane i hovudavtalen.
- Ein skal inngå ei overordna omstillingsavtale som grunnlag for prosessen før folkerøystinga 25. april 2016

9. Informasjon

Lokaldemokratiet er grunnleggande. Kommunereformprosjektet vil legge til rette for gjensidig kommunikasjon og dialog mellom innbyggjarane og dei ulike tenestene i kommunen. Det vil vera avgjerande at kommunane lukkast med:

- å få fram god og relevant informasjon
- å skapa dialog
- at innbyggjarane sine standpunkt byggjer på kunnskap og innsikt

Det skal snarast etter at kommunestyret har vedteke å leggja avtala fram for folkerøysting settast ned eit utval med to folkevalde representantar og ein tillitsvald frå kvar kommune som får ansvar for å utarbeida ein kommunikasjonsstrategi for prosessen fram mot endeleg samanslåing.

10. Folkerøysting, kommunestyre, fellesnemnd og ikraftsetjing

Det skal haldast rådgjevande folkerøysting 25. april.

Den nye kommunen skal leiast av eit kommunestyre med 41 representantar. Frå den nye kommunen blir sett i verk og fram til ordinært kommunestyreval i 2019, skal kommunestyret bestå av 33 representantar frå dagens Stord kommunestyre og 8 representantar frå Fitjar kommunestyre. Ordføraren i Stord skal vera ordførar i dette kommunestyret, ordføraren i Fitjar skal vera varaordførar, begge i full stilling.

I overgangsperioden skal det etablerast ei fellesnemnd med ni politisk valde medlemmer, der tre kjem frå Fitjar og seks frå Stord kommune. Fellesnemnda skal utvidast med to tillitsvalde frå kvar kommune for saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Kommunane vil setta av tilstrekkeleg med ressursar til reformarbeidet.

11. Avtalelengd

Avtalen gjeld i tre kommunestyreperiodar, etter at den nye kommunen er etablert.

Avtala skal godkjennast av kommunestyra i Fitjar og Stord kommunar.

Stordøy, 28. januar 2016

Wenche Tislevoll
Ordførar Fitjar kommune

Harry Herstad
Ordførar Stord kommune